



DET KONGELEGE
SAMFERDSELSDEPARTEMENT

Prop. 27 S

(2023–2024)

Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak)

Endringer i statsbudsjettet 2023 under Samferdselsdepartementet

*Tilråding frå Samferdselsdepartementet 24. november 2023,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Støre)*

1 Innleiing

Samferdselsdepartementet foreslår i denne proposisjonen nokre endringar i løyvingar mv. for programkategoriane 21.10 Administrasjon m.m., 21.20 Luftfartsformål, 21.30 Vegformål, 21.40 Særskilde transporttiltak, 21.50 Jernbaneformål og 22.10 Posttenester. Det blir òg foreslått ei fullmakt under vegformål, endringar i to fullmakter under jernbaneformål og orientert om konsekvensar av ekstremvêret «Hans».

2 Administrasjon m.m.

Kap. 1300 Samferdselsdepartementet

Post 70 Tilskot til internasjonale organisasjonar

I 2023 er det løyvd 30,8 mill. kr på posten. Samferdselsdepartementet foreslår å auke løyvinga med 4,3 mill. kr.

Kontingent til dei internasjonale organisasjonane som departementet er medlem i, blir i hovudsak betalt i dollar, euro og sveitsiske franc. Krona har det siste året svekt seg betydeleg mot desse valutaene. Vidare har kontingenten til EASA (Det europeiske byrå for flysikkerhet) og til ERA (Den europeiske unions jernbanebyrå) auka.

Kap. 1301 Forsking og utvikling mv.

Post 70 Pilotprosjekt for utsleppsfrie anleggsplassar – tilføyning av stikkord

I 2023 er det løyvd 65,2 mill. kr på posten. Oppstarten av nokre av prosjekta som har fått tilsegn i 2022 og 2023, er forseinka. Det har òg vore nokre forseinkingar undervegs i nokre prosjekt. Nokre tilskot blir derfor først betalt i starten av 2024. Samferdselsdepartementet foreslår derfor å føye til stikkordet «kan overførast» på posten, jf. forslag til romartalsvedtak.

3 Luftfartsformål

Kap. 1315 Tilskot til Avinor AS

Post 71 Tilskot til pålagde oppgåver

I 2023 er det løyvd 1 145,5 mill. kr på posten. Samferdselsdepartementet foreslår å auke løyvinga med 23,5 mill. kr.

For Flytting av Bodø lufthamn har overslaget for kjøpesum i avtale om kjøp av flyplasstomt frå Forsvaret auka, medan delar av prosjektutbetalingane som var venta i 2023, først blir betalt i 2024. Tilskotet til flyttinga av Bodø lufthamn er offentleg støtte og må godkjennast av EFTAs overvåkingsorgan, ESA, før det kan utbetalast. Viss godkjenninga ikkje kjem på plass i 2023, vil

ubrukt løyving bli søkt overført til 2024, jf. stikkordfullmakt.

For Ny lufthamn ved Mo i Rana har framdrifta i anleggsarbeida vore raskare enn tidlegare føreset.

Kap. 4313 Luftfartstilsynet

Post 01 Gebyrinntekter

I 2023 er det løyvd 167,6 mill. kr på posten. Samferdselsdepartementet foreslår å redusere løyvinga med 26,5 mill. kr.

Inntektene frå fleire gebyrområde blir lågare enn budsjettert. For ubemanna luftfart har talet på nye registrerte i nettportalen flydrone.no blitt lågare. Innan operative godkjenningar er det færre som har betalt årsgebyr for godkjenningssertifikat for luftfartsoperatørar (AOC). Det er òg reduserte inntekter frå årsgebyr for luftfartøy fordi det no er færre fly i dei tyngste vektclassene på norsk register. Vidare er aktiviteten innan sertifikat og teoriprøver litt lågare.

4 Vegformål

Kap. 1320 Statens vegvesen

Post 22 Drift og vedlikehald av riksvegar

I 2023 er det løyvd 10 598,7 mill. kr på posten. Samferdselsdepartementet foreslår å auke løyvinga med 62,7 mill. kr som delvis inndecking av dei auka utgiftene etter ekstremvêret «Hans» i august.

Meirutgiftene for Statens vegvesen etter ekstremvêret er rekna til 400–500 mill. kr. Av dette blir om lag 300 mill. kr betalt i 2023, medan resten blir betalt i 2024. For å dekkje inn meirutgiftene i 2023 har Statens vegvesen omdisponert frå drift og anna vedlikehald. Utgiftene til drift er redusert fordi utgiftene til straum blir lågare enn rekna med.

Post 72 Tilskot til riksvegferjedrifta

I 2023 er det løyvd 3 213,8 mill. kr på posten. Samferdselsdepartementet foreslår å redusere løyvinga med 50 mill. kr.

Statens vegvesens prognose ved slutten av andre kvartal 2023 viser eit venta mindreforbruk på om lag 90 mill. kr. Prognosen er usikker m.a. på grunn av uvisse rundt storleiken på kompensasjonen i nettokontraktar. Dette kjem av endringar som er gjort i takst- og rabattstrukturen og kompensasjon for tilpassing av fartøy for å kunne frakte modulvogntog med farleg last.

Rekneskapsføring av midlar frå bompengeselskap og tilskot til riksvegprosjekt mv.

Riksvegprosjekt som Statens vegvesen har ansvaret for, blir finansiert enten berre med statlege løyvingar eller med statlege løyvingar, midlar frå bompengeselskap og ev. frå eksterne eller berre med midlar frå bompengeselskap eller eksterne. Investeringsprosjekt med kostnadsramme over 1 mrd. kr og prosjekt som vil bli finansiert med bompengar, blir lagt fram for Stortinget.

Ved gjennomføringa av eit prosjekt som heilt eller delvis blir finansiert med midlar frå bompengeselskap eller tilskot frå eksterne (hovudsakeleg frå kommunar) er det lagt til grunn ein finansieringsplan for fordelinga mellom statlege midlar som blir løyvde på kap. 1320 Statens vegvesen, og finansiering frå bompengeselskap. Ved behov rekvirerer Statens vegvesen midlar frå det bompengeselskapet som skal stille midlar til disposisjon.

Alle utgifter i prosjektet blir i utgangspunktet belasta relevant utgiftspost på kap. 1320 Statens vegvesen, i hovudsak post 29 OPS-prosjekt eller post 30 Riksveginvesteringar. Når Statens vegvesen mottar midlar eller tilskot som gjeld prosjektet, blir desse førte på post 29 OPS-prosjekt eller post 30 Riksveginvesteringar for å dekkje tilsvarende utgifter. Dette inneber at utgiftene som kjem fram i statsrekneskapan er netto utgifter knytte til dei statlege løyvingane i budsjettåret. I Statens vegvesens internrekneskap går fordelinga av utgiftene til prosjektet mellom statlege midlar og bompengar fram.

Vidare blir det nytta midlar frå bompengeselskap i samband med utgifter som skal dekkjast over kap. 1320, post 01 Driftsutgifter. Det gjeld midlar nytta til å dekkje delar av utgiftene ved utvikling av innkrevningssystem for bompengar (Autopass). Midlar knytte til denne posten blir behandla på same måte som for post 29 og post 30.

I Prop. 1 S blir Stortinget informert om kva som er stilt til disposisjon i midlar frå bompengeselskap for riksvegprosjekt, kva som er innbetalt og prognose for innbetalingar, jf. tabell 4.7 i Prop. 1 S (2023–2024) for Samferdselsdepartementet.

Etter Samferdselsdepartementets vurdering bør dagens praksis med nettoføring av midlar frå bompengeselskapa og tilskot frå eksterne, bli formalisert i eit vedtak frå Stortinget, jf. forslag til romartalsvedtak.

Når eit bompengeprojekt er ferdig, har bompengeselskapa i nokre tilfelle trekt inn meir bompengar til prosjektet enn det som var lagt til grunn i den vedtekne finansieringsplanen. Desse midlane

(«overskytande bompengar») har blitt overført til Statens vegvesen, og fram til dei er nytta, blir dei førte på Statens vegvesens mellomvære med statskassa som statleg gjeld (øyremerkte forpliktingar).

Overskytande midlar frå bompengeprojekt skal disponerast til riksvegformål i det området der bompengane er kravde inn. Dette går fram av ein standard bompengavtale som Samferdselsdepartementet presenterte for Stortinget i St.prp. nr. 1 (1989–90). Praksisen er vidareført i bompengavtalen som er inngått med dei regionale bompengeselskapa. Ved utgangen av 2022 var overskytande bompengar på mellomværet med statskassa 101,9 mill. kr. Når dei overskytande midlane blir nytta, blir dei i rekneskapen førte på same måte som dei andre midlane frå bompengeselskapa, dvs. nettoført mot utgiftskapitlet.

I Finansdepartementets rundskriv R-101 *Statens kontoplan for statsbudsjettet og statsregnskapet* går det fram kva for eigedelar- og gjeldspostar som skal inngå i mellomværet med statskassa, m.a. unntak frå kontantprinsippet. Andre unntak frå kontantprinsippet krev fullmakt frå Stortinget.

Etter Samferdselsdepartementets vurdering bør praksisen for å handtere overskytande bompengemidlar bli formalisert i eit vedtak frå Stortinget, jf. forslag til romartalsvedtak.

5 Særskilde transporttiltak

Kap. 1330 Særskilde transporttiltak

Post 70 Kjøp av sjøtransporttenester på strekninga Bergen–Kirkenes

I 2023 er det løyvd 1 075 mill. kr på posten. Samferdselsdepartementet foreslår å redusere løyvinga med 114,7 mill. kr.

Samferdselsdepartementet har avtale med Havila Kystruten AS (fire ruter) og Hurtigruten Coastal AS (sju ruter) om å drive kystruta Bergen–Kirkenes frå 2021. Havila Kystruten har i 2023 segla med to av fire skip fram til slutten av august då dei to siste skipa kom i drift. No er det normal drift. Havilas forseinkingar inneber at det samla vederlaget til operatørane i 2023 blir 960,3 mill. kr.

Kap. 4330 Særskilde transporttiltak

Post 01 Gebyr

I 2023 er det løyvd 20 mill. kr på posten. Samferdselsdepartementet foreslår å auke løyvinga med 427 000 kr.

Aktørane som driv rutegåande persontransport, betalar eit gebyr som vederlag for tilknytning og bruk av elektroniske støttesystem for billettering. Gebyrinntektene som dekkjer utgiftene til systema, blir løyvde på kap. 1330 Særskilde transporttiltak, post 77 Kjøp av tenester frå Entur AS. I samband med Stortingets handsaming av revidert nasjonalbudsjett for 2023, jf. Prop. 118 S (2022–2023) *Tilleggsbevilgninger og omprioriteringer i statsbudsjettet 2023* og Innst. 490 S (2022–2023), blei kap. 1330, post 77, auka med 427 000 kr som ekstraordinær prisjustering utan at inntektsposten blei auka tilsvarende.

Kap. 1332 Transport i byområde mv.

Post 63 Særskild tilskot til store kollektivprosjekt

Orientering om Bybanen til Fyllingsdalen i Bergen

I Prop. 1 S (2022–2023) for Samferdselsdepartementet opplyste departementet at det statlege tilskotet til Bybanen til Fyllingsdalen i Bergen skulle vore utbetalt ved utgangen av 2022. Bybanen til Fyllingsdalen opna for trafikk i november 2022. I byvekstavtalen for Bergensområdet er det statlege tilskotet til prosjektet fastsett til 4 417 mill. kr. Statens vegvesen har gått gjennom oppfølginga av det statlege tilskotet og har avdekt at om lag 96 mill. kr ikkje er utbetalt.

Fleire av dei andre prosjekta som får tilskot over post 63, har seinare framdrift enn rekna med, og det er derfor venta eit mindreforbruk i 2023. Samferdselsdepartementet legg til grunn at det gjenståande tilskotet til Bybanen til Fyllingsdalen blir betalt i 2023, og at det blir dekt innanfor gjeldande løyving på posten. Dette endrar ikkje det avtalte samla tilskotet til dei andre prosjekta.

6 Jernbaneformål

Kap. 1352 Jernbanedirektoratet

Post 21 Spesielle driftsutgifter – utgreiingar

I 2023 er det løyvd 138,8 mill. kr på posten. Samferdselsdepartementet foreslår å redusere løyvinga med 20 mill. kr.

Fleire planar og utgreiingar har blitt sett i gang seinare enn planlagt, m.a. har det tatt lengre tid enn planlagt å inngå avtalar med samarbeidspartnarar i Europe's Rail som er Europas største forskingsprogram for jernbane. I tillegg blei utgifter til nokre prosjekt lågare enn budsjettet.

Post 70 Kjøp av persontransport med tog

I 2023 er det løyvd 5 318,3 mill. kr på posten. Samferdselsdepartementet foreslår å redusere løyvinga med 114,1 mill. kr.

Mindrebehovet kjem m.a. av lågare utgifter til straum enn lagt til grunn i Prop. 1 S (2022–2023) for Samferdselsdepartementet.

Endra fullmakt til restverdigaranti

I samband med Stortingets handsaming av Prop. 1 S (2022–2023) og Innst. 13 S (2022–2023) fekk Samferdselsdepartementet fullmakt til å gi ein restverdigaranti for bokførte verdiar på inntil 7 993 mill. kr, og ein restverdigaranti til oppgraderingar og nyinvesteringar innanfor ei ramme på 11 954 mill. kr. Restverdigarantien gjeld for det togmateriellet som inngår i statens kjøp av persontransporttenester med tog, og det er lagt til grunn 75 pst. restverdigaranti.

Samferdselsdepartementet foreslår å justere beløpa til 7 820 mill. kr for bokførte verdiar og 14 020 mill. kr til oppgraderingar og nyinvesteringar, jf. forslag til romartalsvedtak. Forseinka oppgradering av eksisterande materiell (tog type 72 som nyttast i lokaltrafikk rundt Oslo og Stavanger) gjer at fullmakta til dette må aukast, og at fullmakta til bokførte verdiar bli lågare. Vidare er rammene for nyinvesteringar og oppgraderingar indeksjustert, og feil i rapportering av prognostiserte restverdiar for nyinvesteringar er retta.

Post 71 Kjøp av infrastrukturtenester – drift og vedlikehald

I 2023 er det løyvd 8 011,2 mill. kr på posten. Samferdselsdepartementet foreslår å auke løyvinga med 1 100 mill. kr, mot ein reduksjon på post 73 Kjøp av infrastrukturtenester – investeringar.

I Prop. 1 S (2022–2023) for Samferdselsdepartementet, side 174, går det fram at løyvinga til investeringar i jernbana òg kan nyttast til fornying og vedlikehald av jernbanenettet når dette blir vurdert å gi best måloppnåing. Bane NOR SF har nytta meir til fornying av jernbanenettet i 2023 enn lagt til grunn i Prop. 1 S (2022–2023). I Prop. 1 S (2022–2023) blei det opplyst at vedlikehaldsetterslepet var venta å auke med 1,2 mrd. kr i løpet av 2023. Samferdselsdepartementet anslår no at etterslepet vil auke med om lag 100 mill. kr.

Post 73 Kjøp av infrastrukturtenester – investeringar

I 2023 er det løyvd 17 855,9 mill. kr på posten. Samferdselsdepartementet foreslår å redusere løyvinga med 1 650 mill. kr, der 1 100 mill. kr blir foreslått omdisponert til kap. 1352, post 71 Kjøp av infrastrukturtenester – drift og vedlikehald.

Bane NOR SF ventar å ha opparbeidd ein likviditet på 8,9 mrd. kr ved utgangen av 2023. Likviditeten har auka fordi Bane NOR har hatt ein lågare produksjon enn lagt til grunn i Prop. 1 S (2022–2023) for Samferdselsdepartementet. Den lågare produksjonen kjem av at innføringa av nytt signal- og sikringssystem ERTMS og bygginga av nytt dobbeltspor på strekninga Sandbukta–Moss–Såstad er forseinka. Overslaget for Bane NORs likviditet tek omsyn til at det er nytta 1 100 mill. kr meir til fornying av jernbaneinfrastrukturen i 2023, jf. omtale under post 71. Departementet foreslår å redusere løyvinga med 550 mill. kr knytt til Bane NORs finansinntekter i 2023 på grunn av opparbeidd kapital. Dette vil gi Bane NOR ein venta likviditet på om lag 8 350 mill. kr ved utgangen av 2023.

Post 74 Tilskot til togmateriell mv.

I 2023 er det løyvd 136,4 mill. kr på posten. Samferdselsdepartementet foreslår å redusere løyvinga på posten med 136,4 mill. kr til 0.

Løyvinga på posten skal dekkje halvparten av ombyggingskostnadene av ERTMS-ombordutstyr på tog eigd av Norske tog AS. På grunn av forseinkingar i ERTMS-prosjektet er ombygginga av tog utsett.

Endra tilsegnfullmakt

I 2023 har Samferdselsdepartementet fullmakt til å gi tilsegn om tilskot til ERTMS-ombordutstyr og sidespor utover gitte løyvingar, slik at samla ramme for nye tilsegn og gamalt ansvar ikkje overstig 750 mill. kr, knytt til på kap. 1352, post 74. Departementet foreslår å auke tilsegnfullmakta med 100 mill. kr til 850 mill. kr, jf. forslag til romartalsvedtak.

På grunn av forseinkingar i ombygginga av tog til ERTMS har prognose for udekte forpliktingar ved utgangen av 2023 auka samanlikna med det som var føreset. Det er ikkje planlagt å inngå nye forpliktingar under tilsegnfullmakta i 2023. Prognoser viser ei utbetaling i 2023 på om lag 39 mill. kr, som blir dekt av løyvinga på kap. 1352, post 73 Kjøp av infrastrukturtenester – investeringar, jf. stikk-

ordfullmakt på post 73. Prognose for udekte forpliktingar ved utgangen av 2023 er på 850 mill. kr.

Orientering om auka utgifter til jernbaneformål etter ekstremvêret «Hans»

Ekstremvêret i august i år har hatt store konsekvensar for togtrafikken, og det er utgifter til opprydding og gjenoppbygging. For 2023 blir utgiftene dekte innanfor løyvingane på kap. 1352, post 70 Kjøp av persontransport med tog og post 71 Kjøp av infrastrukturtenester – drift og vedlikehald.

Konsekvensar av kollapsen av Randklev bru

Kollapsen av Randklev bru på Dovrebana fekk store konsekvensar for gods- og persontogoperatørane. Det er ikkje mogeleg å frakte gods på Dovrebana før Randklev bru er bygd opp att.

Etter brukollapsen har Jernbanedirektoratet saman med SJ Norge AS gjort endringar i togtilbodet på Rørosbana slik at godstrafikk på bana no blir prioritert. Vidare er togtilbodet på Dovrebana endra. Nokre persontogavgangar på Rørosbana er erstatta av alternativ transport, og passasjerar på Dovrebana blir frakta med buss på delar av strekninga. Staten kompenserer SJ Norge for utgifter knytte til desse endringane. Utgiftene er no rekna til om lag 220 mill. kr i 2023, og dei blir dekte innanfor løyvinga på kap. 1352, post 70 Kjøp av persontransport med tog. Det er framleis uvisse om kostnadene.

Ekstremvêret «Hans» vil òg ha konsekvensar i 2024. Det endra rutetilbodet på Rørosbana og Dovrebana vil måtte halde fram. Samferdselsdepartementet ventar monalege meirutgifter til dette i 2024. Behovet vil vere avhengig av kor lang tid det tek før Dovrebana igjen kjem i normal drift. Innanfor forslaget til løyving i statsbudsjettet for 2024 er det sett av midlar til nødvendige tilpassingar av persontogtilbodet på Dovrebana og Rørosbana på grunn av at Randklev bru kollapsa. Samferdselsdepartementet vil kome tilbake til Stortinget med ei nærmare vurdering av løyvingsbehovet til alternativt rutetilbod i samband med revidert nasjonalbudsjett for 2024.

Drift og vedlikehald

Bane NOR SF ventar auka utgifter til opprydding og gjenoppbygging etter ekstremvêret «Hans» på om lag 600 mill. kr samla for 2023 og 2024. Prognosen for 2023 er 200 mill. kr. Bane NOR ventar at delar av utgiftene i 2023 blir dekt av forsikrings-

oppgjer, medan resten blir dekt innanfor løyvinga på post 71. Det er uvisse knytt til kor mykje som blir betalt i 2023, og kor stor del som blir dekt av forsikringsoppgjer.

Kap. 4352 Jernbanedirektoratet

Post 01 Ymse inntekter

I 2023 er det løyvd 4,5 mill. kr i inntekter på posten. Samferdselsdepartementet foreslår å auke løyvinga med 1 mill. kr. Det har vore større kursaktivitet ved Norsk fagskole for lokomotivførere og høgare inntekter frå Norsk jernbanemuseum.

Kap. 1354 Statens jernbanetilsyn

Post 01 Driftsutgifter

I 2023 er det løyvd 105,7 mill. kr på posten. Samferdselsdepartementet foreslår å redusere løyvinga med 6 mill. kr.

Flere ledige stillingar i Statens jernbanetilsyn reduserer mellombels behovet for lønsmidlar. I tillegg er utviklinga av fagsystemet/registeret «TOGreg» forseinka fordi omfanget av løysinga førebels er uavklart.

Kap. 4354 Statens jernbanetilsyn

Post 01 Gebyr for tilsyn med tau- og kabelbanar og moroinnretningar

I 2023 er det løyvd 14,4 mill. kr på posten. Samferdselsdepartementet foreslår å auke løyvinga med 2 mill. kr, fordi gebyrsatsane blei sett noko høgare enn lagt til grunn i Prop. 1 S (2022–2023) for Samferdselsdepartementet.

7 Posttenester

Kap. 1370 Posttenester

Post 70 Kjøp av posttenester

I 2023 er det løyvd 1 366,6 mill. kr på posten. Samferdselsdepartementet foreslår å auke løyvinga på posten med 92,3 mill. kr.

I 2022 blei det sett av 755 mill. kr til kjøp av posttenester frå Posten Bring AS. Det er lagt til grunn ein etterrekningsmodell som over tid vil sikre at det ikkje blir løyvd meir enn det faktiske behovet. Etterrekning i tråd med modellen viser eit faktisk behov i 2022 på 843 mill. kr til kjøp av posttenester som er 88 mill. kr meir enn det som

blei sett av i 2022. Departementet legg opp til at Posten får etterbetalt ein ytterlegare kompensasjon for 2022 på 92,3 mill. kr, inkludert renter.

Samferdselsdepartementet

t i l r å r :

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om endringar i statsbudsjettet 2023 under Samferdselsdepartementet.

Vi **HARALD**, Noregs Konge,

s t a d f e s t e r :

Stortinget blir bedt om å gjere vedtak om endringar i statsbudsjettet 2023 under Samferdselsdepartementet i samsvar med eit vedlagt forslag.

Forslag

til vedtak om endringer i statsbudsjettet 2023 under Samferdselsdepartementet

I

I statsbudsjettet for 2023 blir det gjort følgjande endringer:

Utgifter:

Kap.	Post	Formål	Kroner
1300		Samferdselsdepartementet:	
	70	Tilskot til internasjonale organisasjonar, blir auka med frå kr 30 845 000 til kr 35 145 000	4 300 000
1315		Tilskot til Avinor AS:	
	71	Tilskot til pålagde oppgåver, <i>kan overførast</i> , blir auka med frå kr 1 145 456 000 til kr 1 168 956 000	23 500 000
1320		Statens vegvesen:	
	22	Drift og vedlikehald av riksvegar, <i>kan overførast, kan nyttast under post 29 og post 30</i> , blir auka med frå kr 10 598 717 000 til kr 10 661 410 000	62 693 000
	72	Tilskot til riksvegferjedrifta, <i>kan overførast</i> , blir redusert med frå kr 3 213 809 000 til kr 3 163 809 000	50 000 000
1330		Særskilde transporttiltak:	
	70	Kjøp av sjøtransporttenester på strekninga Bergen–Kirkenes, blir redusert med frå kr 1 075 000 000 til kr 960 300 000	114 700 000
1352		Jernbanedirektoratet:	
	21	Spesielle driftsutgifter – utgreiingar, <i>kan overførast</i> , blir redusert med frå kr 138 803 000 til kr 118 803 000	20 000 000
	70	Kjøp av persontransport med tog, <i>kan overførast, kan nyttast under post 71</i> , blir redusert med frå kr 5 318 320 000 til kr 5 204 220 000	114 100 000
	71	Kjøp av infrastrukturtenester – drift og vedlikehald, <i>kan nyttast under post 70</i> , blir auka med frå kr 8 011 231 000 til kr 9 111 231 000	1 100 000 000

Kap.	Post	Formål	Kroner
	73	Kjøp av infrastrukturtenester – investeringar, <i>kan nyttast under post 74</i> , blir redusert med	1 650 000 000
		frå kr 17 855 913 000 til kr 16 205 913 000	
	74	Tilskot til togmateriell mv., <i>kan overførast</i> , blir redusert med	136 397 000
		frå kr 136 397 000 til kr 0	
1354		Statens jernbanetilsyn:	
	01	Driftsutgifter, blir redusert med	6 000 000
		frå kr 105 694 000 til kr 99 694 000	
1370		Posttenester:	
	70	Kjøp av posttenester, <i>kan overførast</i> , blir auka med	92 300 000
		frå kr 1 366 600 000 til kr 1 458 900 000	

Inntekter:

Kap.	Post	Formål	Kroner
4313		Luftfartstilsynet:	
	01	Gebyrinntekter, blir redusert med	26 500 000
		frå kr 167 600 000 til kr 141 100 000	
4330		Særskilde transporttiltak:	
	01	Gebyr, blir auka med	427 000
		frå kr 20 000 000 til kr 20 427 000	
4352		Jernbanedirektoratet:	
	01	Ymse inntekter, blir auka med	1 000 000
		frå kr 4 500 000 til kr 5 500 000	
4354		Statens jernbanetilsyn:	
	01	Gebyr for tilsyn med tau- og kabelbaner og moroinnretningar, blir auka med	2 000 000
		frå kr 14 400 000 til kr 16 400 000	

II

Tilføyning av stikkord

Stortinget samtykkjer i at Samferdselsdepartementet i 2023 kan føye til stikkordet «*kan overførast*» på kap. 1301 Forsking og utvikling mv., post 70 Pilotprosjekt for utsleppsfrie anleggsplassar.

III

Tilsegnfullmakt

Stortinget samtykkjer i at Samferdselsdepartementet i 2023 kan gi tilsegn om tilskot utover gitte løyvingar, men slik at samla ramme for nye tilsegn og gammalt ansvar ikkje overstig følgjande beløp:

Kap.	Post	Føremål	Samla ramme
1352		Jernbanedirektoratet	
	74	Tilskot til togmateriell mv.	850 mill. kroner

IV

Restverdisikring for eksisterande materiell, oppgraderingar av eksisterande materiell og investeringar i nytt materiell

Stortinget samtykkjer i at Samferdselsdepartementet i 2023 for det togmateriellet som inngår i statens kjøp av persontransporttenester med tog på kap. 1352 Jernbanedirektoratet, post 70 Kjøp av persontransport med tog, kan:

- gi ein restverdigaranti for bokførte verdjar på inntil 7 820 mill. kroner
- gi ytterlegare restverdigaranti til oppgraderingar og nyinvesteringar innanfor ei ramme på inntil 14 020 mill. kroner. Det blir lagt til grunn 75 pst. restverdigaranti.

V

Fullmakt til å nettoføre i statsrekneskapen og postere mot mellomværet med statskassa

Stortinget samtykkjer i at Samferdselsdepartementet i 2023 kan gi Statens vegvesen fullmakt til å:

- nettoføre innbetalte midlar frå bompengeselskap og tilskot frå eksterne til riksvegprosjekt på kap. 1320, post 01 Driftsutgifter, post 29 OPS-prosjekt og 30 Riksveginvesteringar. For kap. 1320, post 01 gjeld fullmakta utgifter i samband med utvikling av innkrevingssystem for bompengar.
- føre i mellomværet med statskassa overskytande bompengar fram til dei blir nytta og blir nettoførte på kap. 1320, post 30 Riksveginvesteringar.
